

32 på swingkurs i Helgheim, største deltaking på lenge

24.02.2007



Imponerende deltaking i swingkurset i Helgheim: 32 møtta fram laurdag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- For at jenta skal bli ein framifrå swingdansar skal ho helst ikkje tåla oppsynet på den ho dansar med! Dette var ein av dei meir spøkefulle læresetningane som veteran-instruktør Arne Rød la dei 32 deltakarane på sinne då ungdomslaget sitt swingkurs starta i Helgheim laurdag. Det er mange år sidan deltakinga har vore så stor på eit swingkurs i Uskedalen. Deltakarane kom frå store delar av Kvinnherad. Kurset vara i 2 ½ time laurdag og blir like langt søndag.

- Eg hadde 65 på det aller første kurset her i 1989 og 55 på det neste, men i dei meir enn 10 kursa som eg har halde sidan i Helgheim har det ikkje vore med så mange som denne gongen, fortalde Arne. Han er ein framifrå instruktør sjølv om dette alltid berre har vore ein hobby for han.



Trond Olsen frå Uskedalen og Gunhild Kopperud frå Sunde swingar seg under

den første skuletimen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men uskedelingen har ei imponerende merittliste i "faget" bak seg. Til saman har han hatt omkring 20.000 elevar sidan han starta med instruksjon i folkedans i Bergen i 1975. Han har instruert mest i swing, men også i folkedans, linedans og tango. Den første utdanninga som swinginstruktør fekk han på Kanariøyane i 1982 og året etter heldt han det første swingkurset sitt i Bergen. Då han budde der heldt han det gåande med instruksjon i dans i opptil sju dagar i veka!



Instruktør Arne Rød og assistent Mona Rasmussen i aksjon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Korleis tolkar du den gode deltakinga no i år?
 - Markedsføringa har tydelegvis vore effektiv. Og swing held grepet på dei danseglade fordi det er ein livleg musikk, som du også finn att i alle andre musikktyper.
- Dette var svaret før Arne kom med det første "bodordet" for swingdansarar: Lær å stola på kvarandre!

Og det tok ikkje lang tid før ei av det mest kjende Elvis-låtane fekk det til å kribla i kursdeltakarane. Dei var riktig lærenemme og det var tydeleg at dei fleste hadde dansa før. Nokre av damene klaga riktignok over at det hadde vore problematisk å få karfolka med på kurset, men eigentleg hadde dei lukkast i imponerende stor grad!

Av Ola Matti Mathisen



Uskedelingen Svein Ottar Rørheim tek dei første stega saman med Hildegunn Guddal frå Seimsfoss. (Foto: Ola Matti Mathisen)